



Oppheim
og Hauge

Årsmelding arbeidsåret 2024-2025

Årsmøtet 2024 vart halde på Brandset fjellstove 16.10.24.

Musikalsk innslag med kvedarjentene Sigrid Finne og Hege Senderud.

Styret har i året vore samansett slik:

Leiar: Margunn Hylland
Nestleiar: Maries Custers
Skrivar: Margunn B. Nordgård
Kasserar: Liv Karin J. Bidne
Studieleiar: Margunn B. Nordgård

Varamedlem: Ingunn Horvei
Nina Ure

Revisor: Irene Kvarme
Anne Marit Hauge

Valnemnd: Astrid Bidne
Kirsten Jordalen

Medlemstal: 36

Styret har hatt 5 styremøte, og handsama 26 saker.

I tillegg til fysiske møte har styret hatt ein del korrespondanse om småsaker på e-post.

Laget har hatt 5 medlemsmøte.

Tema på medlemsmøtene har vore:

November: Adventskrans v/Hageland
Januar: Kvinnehelse v/Kari Straume Haugland
Februar: Bowling
Mars: Kompostering
April: Byte av blomar og bøker
September: Økologiske grønsaker v/Trygve Hegland

Aktivitetar gjennom året:

Strikkekafè

Laget har arrangert 6 strikkekafèar. Strikkekafè i september tok me turen til Garnsenteret på Vangen. Me har vore i storastovo på omsorgstunet med strikkekafèane.

Tysdagslunsj

Også i år har me saman med dei andre bygdekvinnelaga hatt ansvar for tysdagslunsj for bebruarane på omsorgstunet. 5 tysdagslunsjar har vore vårt lag sitt ansvar.

Nøysom – prosjekt

Me har stilt opp to gonger på fredagsklubben. Eine gongen laga me bivoks-ark, andre gongen sydde me om dongeribukser

Tv-aksjonen 2024

Me stilte i år også opp som bøsseberarar på TV-aksjonen

Strandamessa 2024

Laget var med som vanleg under strandamessa 23-24 november.

Adventsmøte

I år var det Myrkdalen som var arrangørar. Samlinga var 4. desember i Myrkdalen ungdomshus.

Meiningar, mat og mot

Me var medarrangør på arrangementet i Vossasalen 21. januar 2025. Me stilte med kaker, og elles reklamerte for arrangementet.

Distrikstårsmøte Ullensvang 8-9 mars

Margunn Hylland og Anna Torhild Blikberg var utsendingar

Bakekurs kling 21-22 mars 2025

8 deltakarar og 3 instruktørar var samla i Haugsvik for å baka kling.

Sommartur til Eidfjord i mai

Som avslutningstur før sommaren planla me tur til Eidfjord. Det viste seg å verta vanskeleg å finna dato som passa, og turen vart avlyst/utsett pga lite påmeldingar.

Bygdekvinneireif på Osterøy 5. april

2 medlemmer var med på bygdekvinneireif på Osterøy.

«Syng med oss» på omsorgstunet – DUS, 28. april 2025

Nokre medlemmer var med å hjelpte til med maten då DUS hadde songstund på omsorgstunet

Friluftsglede og inkludering

Stølstur i Skitlia. Pølser på bålpanne, lappar og kaffi.

Me arrangerte sopptur til Kaset ilag med Vinje og Egdetveit bygdekvinnelag.

Vaskedugnad på Kjønnagard 15. september

Til huskonserten på Kjønnagard må huset vaskast. 5 damer stilte opp med vaskekost og bytta.

Streif på Vossestrand

Ilag med Myrkdalen og Egdetveit/Vinje skulle me arrangera Streif i Sambygg laurdag 4. oktober. Pga stort fråfall vart Streifen avlyst.

Helsingar

Blomehelsingar til omsorgstunet og Oppheim kyrkje til jol.

Det var i år Oppheim og Hauge sin tur å planta i blomsterkassane utanfor omsorgsbustadene.

Blomehelsingar til medlemer som har runde dagar.

Blomehelsing og velkomstbrev til nye i bygda.

«Velkomen til verda»-helsing til nyfødde i bygda – strikkalabbar og kort.

Huer til 1. klassingar ilag med dei andre bygdekvinnelaga på Stronde.

Utdeling av skeier ilag med bondelaget på 4H-haustfesten.